

## **INTERN UTLYSING**

### **PROSTIPREST I FANA PROSTI**

Vi viser til vedtak i bispedømerådet, sak BBDR 079/14, punkt 4:

Det vert oppretta tre stillingar som prostiprest, knytt til Fana, Vesthordland og Arna og Åsane prosti. I første runde med prosjektomtale for 3 år med omsyn til innhald. Stillingane er interne utlysingar som ikkje påfører nye kostnader, med administrativ tilsetting.

Innhaldet i stillinga vil bli justert etter ein treårssyklus. Stillinga skal støtte opp under dei satsingane ein til ei kvar tid har i prostiet, ved å avlaste prestar som inngår i desse. Prost og bispedømet styrer kva satsingar som skal prioriterast i kvar treårsperiode.

Prostipreststillinga i Fana vil i første treårsperiode ha desse hovudoppgåvene:

Gudsteneste tre av fire sundagar kvar månad. To tenesteveker i månaden med inntil fire gravferder kvar veke. I månadane med flest vigslar må ein rekne ein til to laurdagar i månaden med vigselsoppgåver i prostiet.

Arbeidsstaden vert kyrkjekontoret i Fana sokn og deltaking i stabsmøter der høyrer med. Ein vesentleg del av arbeidstida vil gå med til å avlaste prestane der med gudstenester og gravferder.

I veker utanom tenestevekene handlar det om å gjere generell presteteneste i Fana sokn og Storetveit sokn, og elles i prostiet der det er trond for det.

Noko sakshandsaming for prosten vert vurdert lagt til stillinga. Oppfølging av prostemodulen, skaffe vikarar, mm – alt i samarbeid med prosten.

Allereie fast tilsette prestar kan søkja stillinga. Den kjem i stand i påvente av høve til å lysa ut ny fast stilling i Fana prosti, jfr vedtak i bispedømerådet frå april 2010.

**Søknadsfrist: 10. februar 2015. Søknad skal sendast [inmu@kyrkja.no](mailto:inmu@kyrkja.no)**